



ATLE TRÆDAL
Myrdalsvegen 85
5130 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2409 - 23/25704

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@alver.kommune.no

Dato:
31.03.2023

Tilleggsinformasjon til varsling om utviding av planområde - Nappevika Småbåtanlegg - PlanID 1263-201505

Vi viser til varsel om utviding av planområdet for reguleringsplan for Nappevika småbåtanlegg, datert 27.03.2023. I samband med denne varslinga, vil vi supplere med nokre avklaringar.

Nappane båtlag ønskjer å legge flytebrygger utanfor kaien i Nappevika. For å kunne realisere dette, må det ligge ein reguleringsplan til grunn. Planarbeidet vart, som de er kjent med, starta opp i 2015. Desember 2016 vart planen handsama politisk første gang og lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 2017. I denne runden vart planarbeidet midlertidig stansa av motsegn frå Statsforvaltaren, sidan småbåtanlegget på dette tidspunktet ikkje var i tråd med kommuneplanen sin areal, samt at småbåtanlegget i Nappevika låg for nært småbåtanlegget som på dette tidspunktet allereie var regulert i den då gjeldande naboreguleringsplanen på gbnr 129/5. I 2019 vart det gjennom Lindås kommune sin arealplan opna for etablering av småbåtanlegg i Nappevika, under føresetnad av at reguleringsplanen på gbnr 129/5 vart oppheva.

I 2022 trekte Statsforvaltaren motsegna tilbake, etter at naboreguleringsplanen vart oppheva og det ikkje lenger er mogleg å etablere eit småbåtanlegg der. Dette betyr at reguleringsplanarbeidet for Nappevika småbåtanlegg no kan gå vidare til andregangshandsaming og leggest fram for politisk vedtak.

I tida då planforslaget var sett på pause, vart kommuneplanen sin arealdel, som nemnt, revidert. Dette medførte nokre nye krav, der eit av dei var at brannvesenet på ein rask og enkel måte må kunne snu sine køyretøy i tilknytning til kaiområdet. Det vart tatt utgangspunkt i at kaien ikkje hadde tilstrekkeleg areal for dette, og at løysinga ville vere å utvide den nedste delen av ein eksisterande avkøyrsla nærme kaien. Brannvesenet meinte at den eksisterande avkøyrsla ved gbnr 129/21 eigna seg til dette. I ettertid har det vist seg at brannvesenet kan snu på kaien, men sidan det pr. i dag ikkje er let seg gjere å sikre at dette til ein kvar tid vil vere mogleg, er framlegget at den omtalte avkøyrsla kan opne for dette. Sidan det naudsynte arealet til utviding av denne avkøyrsla ikkje var ein del av planområdet ved varsel om oppstart av planarbeidet i 2015 eller høyringa i 2017, er det no varsla utviding av

planområdet for dette føremålet. Ei utviding av avkøyrsla på gbnr 129/21 vil ikkje berøre andre delar av denne tomte enn det de kan sjå av vedlagt illustrasjonsplan (vedlegg 2) og plankartet frå 2023 (vedlegg 3).

I vedlegg 1 finn det varselkartet for utviding av planområde som vart sendt ut 27.03.2023.

I vedlegg 2 finn de illustrasjonsplanen for planforslaget som er sendt inn til andregangshandsaming og vedtak. Vedlegg 3 viser tilhøyrande plankart. Desse dokumenta viser ei mindre planavgrensing enn den varsla, moglege utvidinga. Den reelle planavgrensinga som kommunen no handsamar er den som er vist i vedlegg 2 og 3. Vedlegg 4 viser plankartet som var til offentleg ettersyn og høyring i 2017.

Det er små endringar frå planframlegget som var ute til høyring og offentleg ettersyn i 2017. De kan sjå endringane ved å samanlikne plankartet frå 2017 med plankartet frå 2023.

Endringane er desse:

- Ved parkeringsplassen f_SPP (med benevning f_P på 2017-kartet) er planarealet redusert ved gbnr 129/5. Tidlegare avkøyrsel til 129/5 er også fjerna, sidan denne planen er oppheva.
- Ved gbnr 129/21 – som gjeld den varsla utvidinga av planområdet – er planområdet utvida for at brannkøyrretøy skal kunne snu.

Vegen ned til kaien er ikkje endra frå 2017, og den er planlagt å bestå som i dag. Dersom den ved enkelte plassar er under 3,0 meter brei, krev brannvesenet at den vert utvida til 3,0 meter akkurat der det eventuelt skulle vise seg å vere naudsynt.

Føresegnene til kaien sikrar framleis at kai og båtslipp skal ha identisk funksjon som i dag, og til ein kvar tid vere tilgjengeleg for ålmenta.

Det vert ikkje planlagt for nedbygging av fulldyrka jord eller tilsvarande. Føresegnene sikrar også at eventuelle kulturminne som vil dukke opp, både på land og til sjøs, vil verte ivareteke og sikra. Utover dette har Statsforvaltaren, Vestland Fylkeskommune og Bergen og omland havnevesen (no Bergen Havn) gitt sine merknader gjennom planprosessen, og planforslaget er tilpassa desse.

Dersom de ønskjer å sjå det innsendte planframlegget i sin heilskap, finn de dokumenta ved å trykke på lenka under:

[Dokument 23/22639 - Oppratert reguleringsplanforslag for Nappevika småbåtanlegg \(sing.no\)](#)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kristin Nielsen
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Varselkart 2023

Vedlegg:

Vedlegg 2 - Illustrasjonsplan 2023

Vedlegg 3 - Plankart 2023

Vedlegg 4 - Plankart frå 2017

Mottakarar:

ATLE TRÆDAL	Myrdalsvegen 85	5130	NYBORG
BERLY MALENE B BERENTSEN	TITLANDSVEGEN 405	5912	SEIM
CHARLES S LILLESKARE	TITLANDSVEGEN 389	5912	SEIM
CHRISTINE B ANGELTVEIT	GRAVDALSPOLLEN 18C	5164	LAKSEVÅG
GEIR ASLE AASEN	Allestadhaugen 26	5142	FYLLINGSDALEN
HANS ÅGE H DALE	TITLANDSVEGEN 405	5912	SEIM
HELGE MARTIN FJELDSTAD	BRUVEGEN 74	5914	ISDALSTØ
IVAR SKIPPERVOLD	ROSENBERGGATE 2	4790	LILLESAND
JAN ERIK STORAKER	TITLANDSVEGEN 460	5912	SEIM
JOHN WERNER NETLAND	TITLANDSVEGEN 401	5912	SEIM
KOREVA AS	Øvre Blekeveien 20	5003	BERGEN
LINDA BENEDICT ALBRIGTSEN	Hesjakollen 25	5142	FYLLINGSDALEN
NAPPANE VA SERVICE AS	Strandgata 15A		
RASMUS TITLAND	TITLANDSVEGEN 398	5912	SEIM
TORBJØRN BJARKØY	TITLANDSVEGEN 454	5912	SEIM
TROND TYSTAD	ØVRE BLEKEVEIEN 20	5003	BERGEN
TROND-EIRIK LARSEN	Hesjakollen 25	5142	FYLLINGSDALEN